

# PRIKKBELASTNING



SAMFERDSELSDEPARTEMENTET

## **Prikkbelastning – tryggare vegtrafikk!**

Målet med prikkbelastningsordninga er å hindre trafikkkåtferd som fører til mange ulykker. Ordninga skal medverke til tryggare trafikk, med færre drepne og skadde på vegane.

Prikkbelastninga skal gjere det lettare å reagere overfor motorvognførarar som gong på gong bryt trafikkreglane – og som dermed set seg sjølv og andre trafikantar i fare.


Prikkbelastningsordninga blir innført frå 1. januar 2004.

### **Kva kan du få prikkar for?**

- Brot på fartsgrensene:
  - Når fartsgrensa er 60 km/t eller lågare og du køyrer meir enn 10 km/t for fort
  - Når fartsgrensa er 70 km/t eller høgare og du køyrer meir enn 15 km/t for fort
- Køyring mot raudt lys
- Ulovleg forbikøyring
- Brot på vikeplikta

Kvar gong du blir teken for eit slikt brot, får du som hovudregel registrert to prikkar. For dei minste brota på fartsgrensene får du éin prikk.

Blir du teken for fleire brot samtidig, får du så mange prikkar som brota gir til saman.



## Korleis får du prikkar?

- Politiet stoppar deg for eit lovbrøt som gir grunnlag for prikkar, eller du blir registrert i automatisk trafikkontroll (fotoboks).
- Du godtek (vedtek) eit forenkla eller eit vanleg førelegg, eller du lèt saka gå vidare til domstolen (tingretten).

Prikkbelastninga kjem altså som ei følge av eit endeleg avgjort forhold, det vil seie ein rettskraftig dom, eit vedteke førelegg eller eit vedteke forenkla førelegg. Du kan ikkje klage på prikkregistreringa.


## Åtte prikkar = tap av retten til å føre motorvogn

Prikkbelastninga blir registrert i eit sentralt register i Statens vegvesen.

Dersom du får åtte prikkar eller meir på tre år, mister du retten til å føre motorvogn i seks månader.

Når du får tilbake retten til å føre motorvogn, vil du få sletta dei prikkane som det vart teke omsyn til då du tapte retten til å føre motorvogn.





## Meir informasjon:

Du finn meir informasjon om  
prikkbelastningsordninga på nettsidene  
til Samferdselsdepartementet:  
[www.odin.dep.no/sd](http://www.odin.dep.no/sd)

Statens vegvesen (telefon 815 35 080)  
eller politiet (telefon 02800) kan òg  
gje informasjon om prikkbelastnings-  
ordninga.